



Fylkesmannen i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 LEIKANGER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/90 - 19/17029

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@meland.kommune.no

12.08.2019

## Svar på førespurnad om forpaktingslova-kartlegging av praksis i Meland og Modalen

Syner til skriv datert 27.05.2019 der de ber om informasjon frå kommunane korleis forpaktingslova sine reglar fungerer og vert følgt opp i praksis.

1. Det er ikkje registrert innsendte forpaktingsavtalar etter 2014, men eit stor tal leigeavtalar for jord. Kommunen har ikkje registrert mange spørsmål til kommunen om forpaktingslova dei seinare år. Dei fleste som tek kontakt blandar saman forpakning og jordleige, og det er i hovudsak leige av jord utan bygningar som er det vanlege. At kommunen ikkje har registrert noko slike saker i sitt post/arkiv system betyr ikkje at det kan vera inngått slike avtalar. Det er lite kjent blant grunneigarar at kommunen skal godkjenna slike avtalar.
2. Forpaktingslova har mange bestemmelsar som kan vera viktig å ha med i ein avtale t.d generasjonsskifte. Tidlegare vart dette brukt for å få ein god overgang til neste generasjon, og ein tok inn dei punkta som var relevante i den enkelte sak. Kva tilstand bygningar og jordvegen er i når eit leigeforhold/forpaktingsavtale vert inngått er ofte årsak til diskusjonar seinare, tiltredingskjønn og fråtreidingskjønn har soleis ein verdi i ein del saker. Jordleigeavtalane som vert inngått er ofte generelle og det kunne vore fornuftig å hatt med nokre punkt om t.d tilstand på grøfter, landbruksvegar, ugrastilstand m.m etter mal for tiltredingskjønn.
3. Kommunen bruker lite ressursar på rettleiing og oppfølging av forpaktingslova. Det ligg skjema på kommunen sine heimesider, og elles svarar me på spørsmål og behandlar avtalar visst det kjem inn noko.

Med helsing

Laila Bjørge  
landbrukssjef

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Fylkesmannen i Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER